



Sjekkliste for egenrevisjon



40 SVIN

© Stiftelsen Norsk Mat
Versjon 2021.10

Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet



Dersom du leverer meir enn 10 gris til slakt per år, må du delta i dyrevelferdsprogrammet for svin. Dette gjeld òg om du har avlspurker. Viss du er registrert i Helsegrissystemet, slepp du å gå gjennom sjekklister Svin i KSL. Om du leverer færre enn 10 grisar til slakt og ikkje har avlspurker, treng du ikkje vere med i dyrevelferdsprogrammet for svin, men du må gå gjennom sjekklister Svin når du gjennomfører eigenrevisjonen din i KSL.

40.1 MOGLEGHEITER FOR SPORING

40.1.1 Er grisane merkte med eit øyremærke eller ei tatovering som kan lesast?

Systemet for sporing omfattar:

- Øyremærke – at dyra er merkte i samsvar med forskrifta
- Husdyrregisteret – at rapportering til Mattilsynets Husdyrregister er utført etter gjeldande fristar (at ein tek aktivt del i ein husdyrkontroll dekkjer dette kravet).
- Dyrehaldjournal – at ein har ført dyrehaldjournal i samsvar med forskrifta

Alle desse punkta må vere oppfylte til ei kvar tid for at ein skal kunne rekne dyra som sporbare.

Næringsmiddelregelverket set strenge krav til dyr som skal nyttast til mat. Eitt av krava er at alle dyr som skal nyttast til mat, skal vere identifiserte på ein slik måte at ein veit både kvar dyra kjem frå, og kan knyte relevant matkjedeinformasjon til kvart einskilt dyr. Dyra må med andre ord kunne sporast. Sporing er òg viktig for å kunne nedkjempe sjukdom.

Les meir om merking og registrering av produksjonsdyr på mattilsynet.no.

§ Krav

Forskrift om sporbarhet av svin	Lovkrav
Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon

40.1.2 Fører du dyrehaldjournal fortløpande via ein husdyrkontroll eller i ein eigen journal?

Dette skal du notere i journalen:

- identifikasjonskoden for dyrehaldet (produsentnummeret ditt)
- talet på avente svin
- flytting av svin til og frå dyrehaldet
- ommerking av innkjøpte svin

Du skal føre ein dyrehaldjournal (Mattilsynet kallar det òg for *driftseiningregister*) for å kunne ha ei oppdatert oversikt over hendingar i dyrehaldet. Dyrehaldjournalen skal vere eit verktøy for sporing mellom anna om det bryt ut smittsame dyresjukdommar. Opplysningane i journalen skal oppdaterast innan 1 døgn etter at ei hending har skjedd. Dersom opplysningar om flytting av dyr blir registrerte i husdyrregisteret innan 1 døgn etter at flyttinga har skjedd, treng du ikkje å føre dei same opplysningane i dyrehaldjournalen. Dyrehaldjournalen skal du oppbevare på garden og arkivere i minst 3 år.

§ Krav

Forskrift om sporbarhet av svin	Lovkrav
Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon

40.2 SMITTEVERN

40.2.1

Har du skriftleg smittevernplan for dyrehaldet ditt som er oppdatert siste året?

Smittevernplanen skal skildre korleis:

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

- ein tek dyr inn og ut av dyrehaldet, inkludert til og frå beite
- ein sikrar god dyrehelse ved kjøp av livdyr, inkludert høve til å stalle opp dyra separat
- ein leverer mjølk og egg
- ein hindrar mogleg smitte frå eiga og innleigd arbeidskraft
- persontrafikken inn og ut av dyrehaldet går føre seg, med særlege krav til veterinærar og andre som er knytte til eller i mogleg kontakt med andre dyrehald
- kadaver, gjødsel og avfall blir handtert og henta
- ein sikrar fôrhygiene, vatningsanlegg, strø, reiskap og utstyr
- ein får tilgang på desinfeksjonsmiddel
- ein kan redusere risikoen for å spreie smitte ved krysstrafikk mellom dyr, menneske og køyretøy

Som dyrehaldar pliktar du å ha rutinar for smittevern nedskrivne i ein smittevernplan. Planen skal innehalde ei planteikning over dyre- og persontrafikken på garden, han skal vere tilpassa dyrehaldet ditt, og han skal femne om heile driftsopplegget.

Du skal sikre at alle som arbeider i dyrehaldet, kjenner og følgjer smittevernplanen. Planen skal oppdaterast kvart år og leggjast fram når Mattilsynet ber om det.

På **ksl.no** kan du finne døme og hjelpemateriell for å lage din eigen smittevernplan.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Smittevernplan	Informasjon

40.2.2

Er alle som jobber i dyrehaldet kjent med og følgjer gardens smittevernplan?

Du skal sikre at alle som arbeider i dyrehaldet, kjenner og følgjer smittevernplanen. Planen skal oppdaterast kvart år og leggjast fram når Mattilsynet ber om det.

På **ksl.no** kan du finne døme og hjelpemateriell for å lage din eigen smittevernplan.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Smittevernplan	Informasjon



40.2.3 Når ein flyttar dyr: Er vilkåra for karenstid oppfylte, og blir det utferda ei eigenerklæring for dyra som stadfestar dette?

Når svin eller kameldyr blir flytta frå ein buskap til ein annan, skal den som sender frå seg dyra, leggje ved ei eigenerklæring som stadfestar at desse vilkåra for karenstid er oppfylte:

- Ingen dyr i avsendarbuskapen har vist teikn på smittsam sjukdom dei siste 14 dagane før dei blei flytta.
- Dyra har vore meir enn 30 dagar i avsendarbuskapen før dei blei flytta, med unntak av dyr som er fødde i buskapen.
- Avsendarbuskapen har dei siste 14 dagane ikkje teke imot klauvdyr frå andre buskapar, fellesbeite eller dyreflokkar. Dette punktet gjeld ikkje for purker innanfor ein purkering. Det gjeld heller ikkje for svin frå buskapar som dei siste 6 månadene har teke imot dyr frå berre ein annan buskap, og der dyra har blitt transporterte direkte frå sendaren til mottakaren utan å komme i kontakt med dyr frå andre buskapar.

Eigenerklæringa skal ikkje vere eldre enn 7 dagar, og ho skal oppbevarast i eitt år i dyrehaldet som tek imot dyra. Erklæringa skal leggjast fram når Mattilsynet ber om det. Du kan bruke eigenerklæringsskjemaet frå KSL.

Registrering i husdyrregisteret

Når ein flyttar svin mellom to buskapar, skal dyrehaldaren i mottakarbuskapen registrere opplysningar om flyttinga i husdyrregisteret innan 7 dagar etter at dyra kjem. Når ein kjøper og sel svin gjennom slakteri, syter slakteriet for å registrere dette.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon
Mal for egenerklæring (Matmerk)	Lovkrav



40.2.4 Fører du ein besøkslogg som gjev oversikt over alle som har vore på besøk i grisehuset?

Du skal føre ein logg over besøkjande som passerer smitteslusa. Det kan du gjere så enkelt som at du har ei eiga notisbok til dette plassert ved smitteslusa. Besøksloggen gjev oversikt over kven som har vore i grisehuset, og når dei har vore der. Dette gjer det lettare å spore smitta dersom det bryt ut sjukdom.

40.2.5 Har du ei smittesluse som er delt i tydelege soner, og som er innreidd slik at personar kan reingjere hendene og utstyret dei har med seg, og slik at dei kan skifte fottøy og klede eller ta på seg overtrekksklede?

Ei smittesluse er eit rom i inngangspartiet til grisehuset der du sjølv og andre på garden, veterinær og andre besøkjande kan skifte klede og fottøy og gjere reine hender og utstyr dei har med. Absolutt alle som skal inn i grisehuset, skal bruke smitteslusa. Dette er nødvendig for å hindre at smittestoff frå miljøet ikring, eller frå andre buskarar, kjem inn i huset. Smitteslusa skal ha eit markert skilje mellom den ureine sona og den reine sona.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Informasjon fra Animalia	Informasjon

40.2.6

Sikrar du at personar som har besøkt husdyrhald i utlandet, ikkje får tilgang til husdyrrom på garden før det har gått 48 timar etter innkomst til Noreg?

Personar som har vore i utlandet, skal ikkje gå inn i nokon rom med husdyr før dei har dusja og skifta klede og sko. Personar som har vore i kontakt med husdyrmiljø i andre land, til dømes på husdyrkongressar, skal ikkje gå inn i ein norsk svinebuskap før det har gått minst 48 timar, og i minst 24 av desse timane må dei ha opphalde seg i Noreg.

Reglane kan endre seg

Dersom det bryt ut husdyrsjukdommar i utlandet, må du rette deg etter dei regelendingane som følgjer av dette.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Informasjon fra Animalia	Informasjon

40.2.7 Varslar du veterinær viss du mistenkjer smittsame dyresjukdommar?

Dyreeigarar spelar ei viktig rolle i overvakinga av alvorlege smittsame dyresjukdommar. Alle som avdekkjer eller mistenkjer at det har brote ut alvorlege smittsame sjukdommar hos dyr, skal varsle Mattilsynet snarast på telefon 22 40 00 00.

Varsle og set i verk tiltak

Som hovudregel skal du difor varsle Mattilsynet, veterinær og varemottakarar med ein gong dersom du mistenkjer at det har brote ut ein smittsam dyresjukdom som kan gje vesentlege konsekvensar for samfunnet (f.eks. munn- og klauvsykje, svinepest eller afrikansk svinepest).

I samråd med Mattilsynet og aktuelle varemottakarar skal du utan opphald setje i verk nødvendige tiltak for å førebygginge, redusere eller eliminere eventuelle skadeverknader.

På **mattilsynet.no** finn du fleire opplysningar om dyresjukdommar og råd for å unngå spreiding av smitte.

§ Krav

Forskrift om sjukdom hos dyr	Lovkrav
------------------------------	---------

			Svar		
			Ja	Nei	Ikke aktuelt

Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon
Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

40.2.8

Er alle som jobbar i buskapen og har auka risiko for å vere berarar av MRSA, testa negativt?

2.7 MRSA er gule stafylokokkbakteriar som har blitt motstandsdyktige mot antibiotika. Bakteriane smittar mellom menneske og dyr.

Styresmaktene tilrår at alle som skal arbeide i ein svinebuskap, testar seg for MRSA.

Har du eller andre på garden plikt til å bruke verneutstyr?

I enkelte situasjonar har ein plikt til å bruke verneutstyr. Plikta gjeld til ein har teke ei MRSA-prøve med negativt svar, dersom ein i løpet av dei siste 12 månadene

- har hatt kontakt med eit dyr som ein visste var positivt for antibiotikaresistente bakteriar, eller seinare har fått vite at dyret var positivt då ein hadde kontakt med det
- har besøkt eller arbeidd i ein buskap i utlandet
- har vore innlagd på ein helseinstitusjon, fått tannbehandling eller gått gjennom ei omfattande helseundersøking i utlandet
- har arbeidd som helsearbeidar i utlandet
- har hatt tilhald på ein barneheim eller i ein flyktningleir i utlandet
- har halde seg i utlandet i meir enn 6 veker samanhengande, eller
- har testa positivt for antibiotikaresistente bakteriar

MRSA-prøva må vere teken i Noreg.

Ta nødvendige forholdsreglar

Personar som har fått påvist MRSA, eller som har vore utsette for auka smitterisiko (sjå punkta ovanfor) og ventar på prøvesvar, skal ta visse forholdsreglar:

- Dei skal bruke verneutstyr, det vil seie **overtrekksklede**, kirurgisk **munnbind**, **eingongshanskar** og **hovudplagg** som vernar mot spreieing av antibiotikaresistente bakteriar, når dei skal ha kontakt med grisane.
- Dei bør dusje før dei går inn i grisehuset om forholda ligg til rette for det.
- Dei skal skifte til reine arbeidsklede kvar dag.
- Arbeidsklede deira skal vaskast ved minst 60 °C.

Dersom desse tiltaka ikkje lèt seg gjennomføre i praksis, bør dei halde seg borte frå dyra til det er dokumentert at dei er frie for MRSA.

Du finn detaljerte tilrådingar om smittevern i svinebuskapar, på mattilsynet.no. Der kan du òg lese meir om testing og behandling.

§ Krav

Forskrift om antibiotikaresistente bakterier hos svin	Lovkrav
Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon



40.2.9 Kjøper du avlsdyr berre frå godkjende avlsbuskapar?

Avlsarbeidet i norsk svineavl blir drive gjennom foredlingsbuskapar, som produserer avlsdyr til formeiringsbuskapar, som igjen leverer hybridpurker til bruksbuskapar (smågris- og kombinertbuskapar). Denne avlspyramiden sikrar avlsframgang og spreieing av det beste avlsmaterialet nedover i pyramiden.

Avlspyramiden varettek også helsa til den norske grisen, ettersom ein berre skal selje dyr nedover i pyramiden, aldri oppover eller på tvers. Livdyrflyt på tvers av helsepyramiden bidreg til å svekkje dagens helsepyramide, som har vore og er eit samarbeid mellom styresmaktene og næringa, og som blei etablert for å hindre ukontrollert smittespreieing.

§ Krav

Informasjon fra Animalia	Bransjekrav
--------------------------	-------------



40.2.10

Dersom du har ein purkebuskap og kjøper smågris i tillegg til dei du sjølv produserer: Kjøper du smågris berre frå andre godkjende avlsbuskapar? (Kombinerte buskapar som ikkje sel smågris kan kjøpe inn smågris frå bruksbuskapar, men ikkje avlsdyr.)

Avlsarbeidet i norsk svineavl blir drive gjennom foredlingsbuskapar, som produserer avlsdyr til formeiringsbuskapar, som igjen leverer hybridpurker til bruksbuskapar (smågris- og kombinertbuskapar). Denne avlspyramiden sikrar avlsframgang og spreining av det beste avlsmaterialet nedover i pyramiden.

Avlspyramiden varettek også helsa til den norske grisen, ettersom ein berre skal selje dyr nedover i pyramiden, aldri oppover eller på tvers. Livdyrflyt på tvers av helsepyramiden bidreg til å svekke dagens helsepyramide, som har vore og er eit samarbeid mellom styresmaktene og næringa, og som blei etablert for å hindre ukontrollert smittespreiing.

40.2.11 Gjennomfører du tiltak for å halde fuglar og smågnagarar borte frå fôret?

Du skal ha rutinar for å sikre at det ikkje blir overført smitte til fôret. Til dømes kan fuglar, mus og rotter vere berarar av salmonella.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

40.3 IMPORT AV SVIN, SÆD ELLER EMBRYO



40.3.1 Varslar du Mattilsynet og KOORIMP før du importerer dyr, rånesæd eller embryo frå utlandet, og dersom du tek over eller sel noko av dette vidare?

Dersom du importerer levande dyr, sæd eller embryo, må du oppfylle offentlege krav og tilleggskrava frå KOORIMP*. Du skal kontakte KOORIMP for å varsle om import og for å få informasjon om krav om undersøkingar, tiltak og dokumentasjon. Send e-post til koorimp@animalia.no.

Viss du ikkje oppfyller krava, kan produkta dine bli trekte i pris

Dersom du ikkje kan dokumentere at du oppfyller dei offentlege krava og tilleggskrava frå KOORIMP*, kan det føre til at varemottakaren i tråd med KSL-ordninga trekkjer i prisen for produkta dine, uavhengig av dyreart (såkalla KSL-trekk). Føremålet med tilleggskrava frå KOORIMP er at bøndene skal redusere risikoen for å innføre smitte ved å dokumentere helsestatusen til dyr, sæd og embryo som dei skal importere, og helsestatusen til buskapane desse kjem frå. KOORIMP-krava gjeld tilhøve som dei offentlege krava ikkje dekkjer godt nok. Dei gjeld i særleg grad i tilfelle der det er kjent at det finst smitte i husdyrpopulasjonen i eksportlandet, eller der utbreiinga og omfanget er usikkert.

*KOORIMP er den norske husdynærninga sitt organ for smittevern i samband med import. Husdynærninga har oppretta KOORIMP for å sikre den norske husdyrhelsa etter at EØS-avtalen gav styresmaktene avgrensa høve til å stille helsekrav ved import. Du finn meir informasjon om KOORIMP på animalia.no.

§ Krav

Informasjon fra Animalia	Bransjekrav
--------------------------	-------------



40.3.2 Kan du dokumentere at du har oppfylt tilleggskrava frå KOORIMP når du har selt vidare eller overteke svin som er innførte frå utlandet?

Dersom du importerer levande dyr, sæd eller embryo, må du oppfylle offentlege krav og tilleggskrava frå KOORIMP*. Du skal kontakte KOORIMP for å varsle om import og for å få informasjon om krav om undersøkingar, tiltak og dokumentasjon. Send e-post til koorimp@animalia.no.

Viss du ikkje oppfyller krava, kan produkta dine bli trekte i pris

Dersom du ikkje kan dokumentere at du oppfyller dei offentlege krava og tilleggskrava frå KOORIMP*, kan det føre til at varemottakaren i tråd med KSL-ordninga trekkjer i prisen for produkta dine, uavhengig av dyreart (såkalla KSL-trekk). Føremålet med tilleggskrava frå KOORIMP er at bøndene skal redusere risikoen for å innføre smitte ved å dokumentere helsestatusen til dyr, sæd og embryo som dei skal importere, og helsestatusen til

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

buskapane desse kjem frå. KOORIMP-krava gjeld tilhøve som dei offentlege krava ikkje dekkjer godt nok. Dei gjeld i særleg grad i tilfelle der det er kjent at det finst smitte i husdyrpopulasjonen i eksportlandet, eller der utbreiinga og omfanget er usikkert.

*KOORIMP er den norske husdymæringa sitt organ for smittevern i samband med import. Husdymæringa har oppretta KOORIMP for å sikre den norske husdyrhelsa etter at EØS-avtalen gav styresmaktene avgrensa høve til å stille helsekrav ved import. Du finn meir informasjon om KOORIMP på animalia.no.

§ Krav

Informasjon fra Animalia	Bransjekrav
--------------------------	-------------

40.3.3 Kan du dokumentere at du har oppfylt tilleggskrava frå KOORIMP når du har selt vidare eller overteke svin som er innførte frå utlandet?

Dersom du overtek eller kjøper dyr, sæd eller embryo som er innført frå utlandet, skal du kunne leggje fram dokumentasjon på at tilleggskrava frå KOORIMP er oppfylte i samband med innførselen. Kravet til dokumentasjon er ei skriftleg stadfesting frå KOORIMP om at tilleggskrava er oppfylte i samband med innførselen. Kontakt KOORIMP (koorimp@animalia.no) dersom du har spørsmål om dette. Dersom du manglar dokumentasjon, kan det føre til at varemottakaren i tråd med KSL-ordninga trekkjer i prisen for produkta dine, uavhengig av dyreart (såkalla KSL-trekk).

§ Krav

Informasjon fra Animalia	Bransjekrav
--------------------------	-------------

40.4 HALD AV KAMELDYR (LAMA, ALPAKKA)

40.4.1 Er kameldyra (lama og alpakka) øyremerkte?

Regelverket krev at du øyremerkjer lama og alpakka, og at du har ein dyrehaldjournal der du registrerer opplysningar om dyra. Eksotiske drøvtyggjarar som lama og alpakka kan utgjere ein smitterisiko for andre husdyr. Dei kan òg vere berarar av smittestoff (bakteriar, virus og parasittar) som kan smitte til menneske (zoonosar). Mange av lamaane og alpakkaane som finst i Noreg no, er importerte. Kameldyr (lama og alpakka) blir jamleg importerte til Noreg, og mange av desse dyra blir haldne saman med, eller i nærleiken av, dyr som blir nytta til matproduksjon.

Les meir om merking, registrering og øyremerking av kameldyr på mattilsynet.no.

§ Krav

Forskrift om merking mv av lamadyr og oppdrettshjort	Lovkrav
Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon

40.4.2 Viss du har kameldyr (lama og alpakka) som er importerte, har du då dokumentasjon på at offentlege krav og tilrådingar og tilleggskrava frå KOORIMP er oppfylte?

Viss du held eksotiske drøvtyggjarar som lama og alpakka og samtidig har dyr på garden som blir nytta til matproduksjon, må du vere klar over desse reglane:

- Når du importerer dyr, må du følgje alle offentlege krav og tilrådingar frå Mattilsynet. Ein skal mellom anna halde dyra i isolat på ein forsvarleg måte etter at dei har komme til Noreg. Ved import må du òg følgje opp og koordinere tilleggskrava frå KOORIMP når det gjeld kameldyr. Merk at KOORIMP nyttar nemninga «kamelidar» framfor «kameldyr». Dette må du vere merksam på når du skal søkje etter informasjon om disse tilleggskrava.
- Viss du skaffar deg importerte kameldyr frå norske dyrehald, må det finnast dokumentasjon på at alle offentlege krav og tilrådingar, og tilleggskrava frå KOORIMP, blei oppfylte då dyra blei importerte.

§ Krav

Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon
-----------------------------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Tilleggskrav levende kamelider	Bransjekrav
--------------------------------	-------------

40.4.3 Melder du alvorleg sjukdom og funn av sjølvdaude kameldyr til Mattilsynet?

Alvorleg sjukdom og funn av sjølvdaude kameldyr skal varslast til Mattilsynet. Mattilsynet tilrår at daude kameldyr skal undersøkjast av veterinær, og skal obduserast av veterinær eller ved Veterinærinstituttet.

§ Krav

Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon
-----------------------------	-------------

40.5 HELSE OG MEDISINBRUK

40.5.1 Følgjer du «KSL-medisinstandard»?

KSL-medisinstandarden er ein del av KSL-standard for husdyrproduksjonane. Medisinstandard definerer krava som kvalitetssystemet (KSL) stiller til husdyrprodusentane med omsyn til bruk av medisin i buskapen. Veterinæren har ansvar for at dei som skal medisinerer dyr, får god nok opplæring når det blir inngått medisineringsavtale. Opplæringa skal dokumenterast.

§ Krav

KSL-medisinstandard	Bransjekrav
---------------------	-------------

40.5.2

Er det rutinar på garden som sikrar at føret er utan skadelege framandstoff (til dømes mykotoksin i eigenprodusert korn og framandlekamar i grovfôr)?

Dersom du bruker eigenprodusert korn til fôr, er det viktig å vurdere om kornet kan innehalde mykotoksin. Dersom du mistenkjer dette, må det analyserast. Ferdige fôrblendingar skal ikkje innehalde mykotoksin utover dei tilrådde grenseverdiane frå Mattilsynet.

§ Krav

Matloven	Lovkrav
----------	---------

40.5.3 Veterinæren skal rapportere alle behandlingar. Rapporterer du alle eigenbehandlingar, slik at slakteriet har tilgang til matkjedeinformasjon frå buskapen din 24 timar før slakting?

Slik oppfyller du kravet

Du oppfyller kravet om å gje informasjon om buskapen dersom du følgjer desse rutinane:

- Du melder alltid frå til Mattilsynet når du har mistanke om alvorleg smittsam dyresjukdom.
- Den praktiserande veterinæren rapporterer alle behandlingar i buskapen gjennom Dyrehelseportalen.
- Når du behandlar dyr med reseptpliktige preparat, til dømes ved parasittbehandling, rapporterer du dette fortløpande gjennom den aktuelle husdyrkontrollen eller direkte i Dyrehelseportalen.
- Du skal rapportere andre helsetilstandar som kan ha noko å seie for slakting og transport, som brokk, haltheit, spenskade m.m., gjennom husdyrkontrollen eller Dyrehelseportalen i rimeleg tid før slakting.

Dersom veterinæren ikkje rapporterer alle behandlingar (jf. det andre punktet over), må han/ho endre rapporteringsrutinane sine, eller du som produsent må syte for å rapportere alle helsehendingar som inneber veterinærbehandling, løpande gjennom husdyrkontrollen eller sjølv gjere dette i Dyrehelseportalen.

Slakteriet skal ha tilgang på matkjedeinformasjon frå buskapen 24 timar før slakting for å kunne planleggje slakting og kjøttkontroll. Opplysningar om buskapen og om helsetilstanden til dei aktuelle dyra er sentral matkjedeinformasjon. Som dyreeigar har du formelt ansvaret for å skaffe denne informasjonen, men dataflyten i husdyrnæringa er bygd opp slik at

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

slakteriet har tilgang på relevante opplysningar også frå andre kjelder.

§ Krav

Animaliehygieneforskriften	Lovkrav
Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon



40.5.4

Fører du helseopplysningar for buskapen, til dømes i helsekort eller i ein husdyrkontroll?

Som dyrehaldar skal du syte for at det blir ført ein oppdatert journal med nødvendige individuelle og kollektive helseopplysningar om

- sjukdommar og skadar hos dyra og moglege årsaker
- behandlinga av sjukdommar og skadar hos dyra
- det førebyggjande helsearbeidet i dyrehaldet
- daude dyr og moglege dødsårsaker
- avliving av dyr og årsaka til avlivinga

Ta med opplysningar som diagnose, dato, type og mengde av medisin/preparat/parasittmiddel og slaktefrist. Dette gjeld òg når du gjennomfører behandlinga sjølv. Førebyggjande helsearbeid kan til dømes vere vaksinasjon.

Dokumentasjonen skal vere tilgjengeleg i minst fem år etter at dyret har døydd. Viss dyr blir flytta frå din gard til andre dyrehald, skal helseopplysningane følgje dyra. Det skal oppbevarast ein kopi i avsendarbuskapen i fem år.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

40.5.5

Er det rutinar på garden som sikrar at produkta garden leverer til foredling, er utan skadelege framandstoff?

Dersom du skal bruke reseptpliktige legemiddel, må det vere basert på ein diagnose stilt av ein veterinær. Dyr (individ eller bingje) som er behandla med medisinar, må merkast slik at alle som steller dyra, har god kjennskap til kva for individ som er behandla, og kva tilbakehaldingsfristar som gjeld for desse.

§ Krav

Matloven	Lovkrav
----------	---------



40.5.6 Arkiverer du analyseresultat og obduksjonsrapportar?

Dette skal du arkivere:

- analyseresultat frå laboratorium
- rapportar frå Mattilsynet
- eventuelle obduksjonsrapportar frå veterinæren
- sjukdomsregistreringar frå slakteriet

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

40.6 KADAVERHANDTERING

40.6.1 Oppbevarer du kadaver mellombels på ein forsvarleg måte med tanke på smitte, lukt og om dei er synlege?

Leveringsvilkår frå Biosirk:

- Kadaver skal ikkje pakkast inn eller dekkjast til med plast. Plasser kadaver på ein

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

stad der det er skugge. Ein kan skjerme kadaver med treallar eller liknande, men hugs god lufting.

- Kadaver skal liggje på eit fast underlag av tre eller betong der det er lett å komme til med kadaverbilen. Kadaver som er forureina med sand, stein og jord, blir ikkje henta.
- Fjern øyremerka før henting på alle dyr det ikkje skal takast prøver av. La det vere minst eitt merke att på prøvedyr.
- Det blir ikkje prioritert å hente enkeltlam, -kje og -smågris. Biosirk oppmodar leverandørar av lam, kje og smågris til å samle dette opp i ein frysar til ei større mengd før dei leverer til oss.
- Fjern alt av framandlekamar (til dømes hestesko).

Daude dyr gjev fare for smittespreiing og forureining. Dette gjeld med omsyn til både andre dyr, folk, mat og vatn. Viss du må oppbevare kadaver fram til Biosirk (tidlegare Norsk Protein) kjem og hentar dei, må du syte for at det ikkje fører til forureining eller til at åtseldyr kjem til kadavera.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

40.6.2 Leverer du kadaver til eit godkjent mottak?

Ifølgje *animaliebiproduktforskrifta* er det generelt ikkje tillate å grave ned kadaver, men § 20 opnar for unntak i spesifiserte «fjerntliggjande område». Her er nedgraving tillaten om ein melder frå til Mattilsynet og dei godkjenner det.

§ Krav

Animaliebiproduktforskriften	Lovkrav
------------------------------	---------

40.7 FÔR OG VATN

40.7.1 Dersom du bruker reine tilsetjingsstoff og/eller premiksar når du blandar fôr på garden: Er du registrert hos Mattilsynet som fôrprodusent?

Dersom du bruker premiks*) og/eller reine tilsetjingsstoff (til dømes sink og maursyre) når du blandar fôr på garden, blir du rekna som fôrprodusent. Gardsblanderiet skal då mellom anna registrere seg særskilt hos Mattilsynet og utføre ein fareanalyse (HACCP) knytt til produksjonen.

Du må ikkje bruke premiks og tilsetjingsstoff utover dei grenseverdiane som gjeld for fôrblandinga. Det er heller ikkje tillate å bruke sink i mengder som gjev medisinsk verknad.

Du kan òg bruke ei kraftfôrblending eller vitamin- og mineralfôrblendingar tilpassa dei andre ingrediensane. Denne blandinga skal vere merkt med «tilskotsfôr» og er ikkje ein premiks.

Viss du nyttar fiskemjøl i fôrblendingane, treng du ikkje særskild godkjenning til å blande fôr sjølv dersom du:

- 1) er registrert av Mattilsynet
- 2) ikkje held drøvtyggjarar
- 3) berre bruker fôret i eiga verksemd, og
- 4) fôret med fiskemjøl ikkje overstig 50 prosent råprotein

*) Premiks er ei blanding med høg konsentrasjon av tilsetjingsstoff, og skal vere merkt med «premiiks».

§ Krav

Forskrift om fôrhygiene	Lovkrav
-------------------------	---------

40.7.2 Blir drikkekar, niplar og anna drikkeutstyr kontrollerte kvar dag, slik at dyra har god tilgang på vatn?

Fôr og vatn skal bidra til god helse og velferd for dyra. Mengda skal vere tilpassa etter alderen, vekten og dei fysiologiske og åtferdsmessige behova til dyra.

Dyra skal ha tilgang på nok vatn av god kvalitet. Du må syte for at vassautomatar, drikkekar, niplar og liknande blir kontrollerte dagleg, for å sikre at det fungerer og gjev dyra det vatnet

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

dei treng.

§ Krav

Forskrift om hold av svin	Lovkrav
---------------------------	---------

40.7.3 Har purker, ungpurker og rånar tilgang på nok fôr med høgt fiberinnhald?

Svin som ikkje har fri tilgang på fôr, skal ha tilgang på fôr med mykje fiber som gjer at dei kjenner seg mette og får dekt behovet for tygging.

Bruker du importert grovfôr?

Det er alltid ein risiko for at det kan følgje smitte med grovfôr som blir innført frå utlandet, og vi oppmodar deg til først og fremst å bruke norsk fôr. Dersom dette ikkje lèt seg gjere, er det viktig at du veit at alle som skal innføre fôr og kjøpe eller selje fôr frå utlandet, har ansvaret for å sikre at føret er trygt. Du finn meir informasjon om innføring, kjøp og sal av importert grovfôr på **mattilsynet.no**.

§ Krav

Forskrift om hold av svin	Lovkrav
Informasjon fra Mattilsynet	Informasjon

40.7.4 Tek du vare på fôrprøver og varedeklarasjon/fôrsetel for innkjøpt kraftfôr?

Lagre fôrprøvene så lenge dei kan ha noko å seie for produksjonsresultatet og produktkvaliteten. Prøvene kan vere viktige viss du skal reklamere på ein fôrleveranse. Dersom du vel å la fôrleverandøren oppbevare fôrprøvene, treng du ikkje samtidig å oppbevare fôrprøver på garden.

Viss du kjøper kraftfôr, må du seinare kunne dokumentere kjøpet med dato for leveranse, transportør (når dette ikkje er deg sjølv) og varedeklarasjon/fôrsetel.

Rekneskapsbilag er tilstrekkeleg dokumentasjon av dato for leveranse og transportør. Varedeklarasjonen/fôrsetelen skal du ta vare på så lenge du lagrar fôrprøva.



40.7.5 Har du dokumentasjon knytt til bruken av alternative fôrmiddel?

Du kan bruke visse matvarer som fôr så lenge dei ikkje inneheld kjøtt eller fisk. Det kan vere frukt og grønt, korn, myse eller mjølk som er pasteurisert og syrna til ein pH-verdi under 7, bakarvarer og liknande. Alt fôr skal vere utan emballasje før du gjev det til dyra.

Du må dokumentere kven fôrmidla kjem frå, kva du har kjøpt, næringsinnhald og når midla er brukte. Viss fôrmidla blir brukte i ei fôrblending må samansetjinga dokumenterast.

Leverandøren skal vere registrert hos Mattilsynet

Alle som leverer restprodukt til fôr, til dømes bakeri, bryggeri og meieri, skal vere registrerte som fôrverksemd hos Mattilsynet. Leverandøren skal kunne leggje fram kvittering på at han er registrert hos Mattilsynet. Dette kan du òg kontrollere på **mattilsynet.no**. Der finn du ei oversikt over alle registrerte leverandørar.

§ Krav

Forskrift om fôrhygiene	Lovkrav
Mattilsynets oversikt over godkjente virksomheter	Lovkrav

40.8 OPPSTALLING, STELL OG REINHOLD AV DYR

40.8.1 Har du stalla opp dyra i samsvar med forskrifta om hald av svin?

Forskrift om hold av svin inneheld fleire krav til oppstalling. Her følgjer nokre av desse:

- Svin skal ha tilgang til ein høveleg, tørr, rein og trekkfri liggjeplass med passe temperatur.
- Svin skal ha separat liggjeplass og gjødselplass. Det skal vere tett golv, djupstrø eller talle på liggjeplassen.
- Ein skal normalt ikkje fikserer svin. Om ein fikserer svin i samband med grising, skal dette avgrensast til grisingstidspunktet og inntil 1 veke etter dette.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

§ Krav

Forskrift om hold av svin	Lovkrav
Veileder for hold av svin	Lovkrav

40.8.2 Blir sjuke og skadde dyr, og purker som skal grise, skjerma frå andre dyr?

Dersom du har dyr som er sjuke eller skadde, eller purker som skal grise, skal du isolere dei på ein eigna stad med ein tørr og mjuk liggjeplass. Det skal vere sjukebingar tilgjengeleg i svinebuskapen. Rådfør deg med ein veterinær når det trengst. Dersom det fører til unødig lidning for eit sjukt dyr å leve vidare, skal det avlivast.

§ Krav

Forskrift om hold av svin	Lovkrav
---------------------------	---------

40.8.3

Får purker som skal grise tilgang på materiale til reirbygging før grising?

Frå 3 dagar før forventa grising skal purka ha passande materiale til å byggje reir av.

§ Krav

Forskrift om hold av svin	Lovkrav
---------------------------	---------

40.8.4

Får dyra rotmateriale i samsvar med Mattilsynet sin rettleiing?

Svin skal til ei kvar tid ha tilgang til ei tilstrekkeleg mengd materiale som dei kan undersøkje, rote i og aktivisere seg med. Les meir i *Veileder for tildeling av aktivitets- og rotmateriale for gris* på mattilsynet.no.

Det skal brukast rikeleg med strø i fødebingane. Frå 3 dagar før forventa grising skal purka ha passande materiale til å byggje rede av.

Bruker du importert grovfôr som rotmateriale?

Det er alltid ein risiko for at det kan følgje smitte med grovfôr som blir innført frå utlandet, og vi oppmodar deg til først og fremst å bruke norsk fôr. Dersom dette ikkje lèt seg gjere, er det viktig at du veit at alle som skal innføre fôr og kjøpe eller selje fôr frå utlandet, har ansvaret for å sikre at fôret er trygt. Du finn meir informasjon om innføring, kjøp og sal av importert grovfôr på mattilsynet.no.

§ Krav

Forskrift om hold av svin	Lovkrav
Veileder om tildeling av aktivitets- og rotmateriale til gris	Lovkrav
Forskrift om hold av svin	Lovkrav

40.8.5 Er det god nok ventilasjon, slik at det er eit tilfredsstillande klima i dyrerommet gjennom heile året?

Det er ei rekkje krav du må oppfylle for å sikre at dyra har eit godt inneklima:

- Temperaturen og luftfukta skal vere tilpassa dyra sine behov.
- Alle dyrerom skal ha eit ventilasjonssystem som sikrar tilstrekkeleg utskifting av luft.
- Gassar i uheldige konsentrasjonar skal ikkje komme inn i eller oppstå i rom der det er dyr.
- Når gjødsel blir rørt og køyrt ut, skal det vere rutinar som sikrar at det ikkje oppstår fare for at dyr eller folk blir forgifta av gjødselgass.
- Støv og anna luftforureining skal haldast på eit akseptabelt nivå.
- Ventilasjonsanlegget skal vere konstruert slik at det ikkje spreier branngassar.
- Mekaniske ventilasjonsanlegg skal vere koplta til ein alarm som varslar om ventilasjonssvikt, og ein skal teste alarmsystemet jamleg.

§ Krav

Forskrift om hold av svin	Lovkrav
---------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

40.8.6

Har dyrerom for svin alarm som varslar straumbrot og for høg eller for låg temperatur?

I dyrerom for svin og for fjørfe kan straumbrot få fatale konsekvensar. I slike rom skal det difor vere installert alarm i tilknytning til ventilasjon og temperatur, og denne skal funksjonstestast jamleg. Alarmsystemet skal vere slik at alarmen kan oppfattast av personar som veit kva for tiltak dei skal setje i verk. Kravet om alarmsystem gjeld likevel ikkje dersom ventilasjonen er tilstrekkeleg sjølv om det mekaniske anlegget sviktar.

§ Krav

Forskrift om hold av svin	Lovkrav
---------------------------	---------

40.9 REINHOLD OG HYGIENE I FJØS, FÔRRUM OG LAGERROM

40.9.1 Reingjer du husdyrrom, fôrrom og smitteslusa regelmessig?

Det skal vere mogleg å reingjere smitteslusa, fôrrommet og materiala og innreiinga i tilhaldsrommet for dyra. Du må halde romma ryddige og reine og desinfisere dei ved behov. Det skal vere godt reinhold i alle husdyrrom, slik at arbeidsmiljøet blir godt og smittepresset går ned.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
Forskrift om velferd for produksjonsdyr	Lovkrav



40.9.2 Når du bruker desinfeksjonsmiddel, noterer du kva for eit middel du har brukt, og datoen for når du har brukt det?

Når du bruker desinfeksjonsmiddel, skal du dokumentere kva for eit middel som er brukt, og datoen då det blei brukt.

§ Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt